



Bolig & Eiendom AS
Stølen 26
5911 Alversund

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/2688 - 22/24049

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:
24.03.2022

Adressetildeling Vardane 153-159 GBNR 134/478

Administrativt vedtak: Saknr: 351/22

VEDTAK:

Med heimel i Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 21 og tilhøyrande forskrift kap.12, og felles kommunale retningslinjer til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen, har Alver kommune gjort følgjande adressedeling:

Gnr	Bnr	Brukseining	Vegnavn	Tildelt husnr
134	478	H0101 (B1)	Vardane	153
134	478	H0101 (B2)	Vardane	155
134	478	H0101 (B3)	Vardane	159
134	478	H0101 (B4)	Vardane	157

Kommunen har registrert vedtaket i det nasjonale adresseregisteret Matrikkelen.

Saka gjeld

Det er godkjent rammeløyve for bygging av 2 vertikaldelte 2-mannsbustader på eigedommen 134/478 som skal ha tildelt kvar si offisielle adresse.


Vurdering

Vegen som eigedommen har tilkomst frå har adressenavnet Vardane.

Det er ledige adresser på denne adresseparsellen, og det vert difor tildelt eitt husnummer til kvar eining, slik det skal tilstrebast etter regelverket. Adressene er tildelt stigande langs ytterkant av veg/ parkeringsplanss på høgre hand.

Tildeling av adresser er i tråd med retningslinjer for adressedeling og adresse vert difor tildelt.

Adressene viser også på kartutsnittet under.



Eigar er ansvarleg for å merke adressa med godkjendtt husnummer-skilt med svarte tal på reflekterande botn (sjå døme) og i nokre tilfeller også eventuelt nødvendig tilvisings-skilt.

Husnummer må vere på plass før bygget vert teke i bruk.



Du finn meir informasjon om slike skilt på kartverket sine nettsider:

<https://www.kartverket.no/eiendom/adressering/skilting-av-adresser>

Regelverk

- Lov nr 101 av 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkelova) § 21
- Forskrift om eigedomsregistrering (matrikkelforskrifta) Kap. 12.
- Felles kommunale retningsliner til lovheimelen for kommunar i regionen Nordhordland og Gulen

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «22/2688»

Med vennleg helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Tommy Veland
Avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bolig & Eiendom AS

Stølen 26

5911 Alversund